

Ei tid som var....

Skihopping var den store vinteridrotten for oss som voks opp på Brunstad på 50-talet. Vi hadde rikeleg av bakkar i alle storleikar, frå små skråningar til Brunstadbakken som den største og gjævaste. Men det var ikkje alle som nådde målet om å kunne hoppe i den, den vart i største laget for mange av oss.

Engjareiten. Ein av bakkane låg tett ved Nakkehusa og ein i Djupekolda. Begge hadde ovarennet og hoppet ovanfor gardsvegen, medan undarennet låg nedanfor vegen. Men den tida var det berre gangveg mellom Nakkeberget og Hole, så vi slapp unna den store trafikken mellom hoppet og kulen.

Så hadde vi bakken i Engjareiten. Det er mellom Rabbehusa og der huset til Jan Ove Skogvold no står. Der var det steingjerdet mellom innmarka og utmarka som var ”fundament” for hoppet. Ovanfor Bøhusa låg ein bakke der ein kunne strekkje seg til mellom 20 og 30 meter. Alle desse bakkane vart velbrukte, ja, nesten utslitne etter både fall og trakking. Men då var det berre å flytte over til neste bakke.

Langt frå digital. For å måle dei ”store” lengder hadde vi tau med kryssfinerbitar der metertala var påskrivne. Men det var eit lite aber. Tauet var såkalla papirtau som vi hadde fått på ein av møbelfabrikkane, der det vart brukt til surring av fjører. Så alt ettersom det var turrvêr eller råvêr, så krympa eller strekte tauet seg. Målingane vart soleis ikkje av digital nøyaktigheit som i dag.

Soria Moria. Så til den største av bakkane våre; Brunstadbakken, der ein på slutten av brukstida kunne hoppe over 60 meter. Den hadde til og med flomlys og låg der som eit Soria Moria når lyset vart slått på vinterskveldane. Der vart arrangert lagsrenn, bygdamesterskap, kretsmesterskap og noko som vart kalla propagandarenn. Då vart landskjende hopparar henta til bakken og premiebordet var meir enn pokalar. Heile møblement stod på sletta (sofa, bord, stolar, madrassar m.m), gjevne som gåver av møbelfabrikkane i bygda.

Når bakken skulle setjast i stand, trakkast og preparerast, var vi ikkje tungbedne. Vi såg fram til å oppleve dei store hopparane. Både dei frå heimbygda og utanbygds. Treningshoppinga føregjekk til langt på kveld, sidan det var lys i bakken. For at dei som trena skulle sleppe å ta med seg skiene heim att kvar kveld, vart dei stuva innunder Bø-stabburet. Så der kunne ligge store dungar med hoppski. Det var berre treski den tida, så det hende nok at ei og anna ski vart broten.

Krafthoppar. Under ei treningsykt ein kveld ville Jenshaug-Kjell (Kjell Eidem), som var rekna som ein uredd krafthoppar, retteleg slå til. Men denne gongen vart det i drygaste laget. Han landa på tuppane langt nedi bakken, med det resultat at skiene skar seg ned i snøen, og Kjell gjekk kast i kast nedover undarennet. Han røyste seg opp att like heil, men skiene var det berre fliser att av.

Snøtransport. Det kunne nok hende at det vart knapt med snø når det vart arrangert renn seint på vinteren eller på vårparten. Eit slikt tilfelle var det på slutten av førtitalet. Men Brunstadkarane berga rennet, då dei stilte med hestar og skeisskister (mykravogner) og frakta nok snø til bakken. Snøen tok dei frå Akslegjerdvegen (vegen til Valljasætra).

Returlast. Som før nemnt vart mange kjende hopparar henta for å kaste glans over renna. Det var olympiade-deltakar Sverre Stallvik, verdensmester i kombinert, Arne Larsen. Det var

Johan Flytør, Hans Olav Sørensen og mange av hopparane frå Fram 1907 (seinare Hjelset Fram) med Jan Olav Roaldset og Ingolf Mork i brodden. Ein av desse var Hans Jørgen Næss. Under eit renn i 1965, hoppa han bakken ned (65,5 meter), med det resultat at han braut beinet.

Før rennet brukte vi ein vedakjelke til å frakte pølsepanner med, det var sjølvsagt sal av varme pølser under rennet. Brøytt veg var det berre til tunet i Bø-garden, så då Hans Jørgen braut beinet, vart han frakta til vegen på same kjelken. Det er vel det som kallast returlast ! Eg trur han minnest denne tildragelsen godt.

Siste gongen det vart arrangert renn i Brunstadbakken var i 1965. No står den attgrodd, og berre som eit minne om ei tid som var.

Kjetil Brunstad